
Saksnr: 2021/52214-1
Saksbehandlar: Jostein Hausevik
Fjærestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Nytt bygg for fylkesarkiv

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen med arkivbygg i Leikanger.
2. Før byggestart, må partane i Kommunearkivordninga i Vestland KO forplikta seg i avtale for minimum 80 % av tidlegare innmeldt arkivbehov, eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar.
3. Arkivbygget har ei kostnadsramme på 59 mill. kr. inkl. mva. og vert innarbeidd som ein del av investeringsprogrammet i budsjett 2022/økonomiplan 2022-2025

Samandrag

For å sikra naudsynt arkivkapasitet for Vestland fylkeskommune og kommunar i fylket er det trong for nytt arkivbygg. Manglande behov i gjennomført kartlegging er på om lag 15.500 hyllemeter. For å dekke behovet for arkivkapasitet er det forslag eit nytt frittstående arkivbygg på om lag 1.800 m² i Leikanger. Kostnadsoverslag for prosjektet er 59 millionar kr inkl. mva.

Det er avgjerande at ein sikrar utleige av det nye arkivet innan ein startar bygginga. Fylkesdirektøren rår til at ein vedtek å byggja nytt arkivbygg, men at minst 80 % av tidlegare innmeldt behov må vera sikra gjennom leigeavtalar innan bygginga kan starta.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rom og funksjonsprogram
- 2 Opsjonsavtale kjøp av tomt

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesarkivet har i dag arkivmateriale lokalisert på tre ulike stader: I magasin på fylkeshuset på Leikanger, i eit midlertidig magasin på Årstad vgs og i Byarkivet i Bergen. Av desse er magasinet på Leikanger klart størst. Magasina husar i dag både kulturhistoriske arkiv frå Vestland fylke, og eldre og avslutta offentlege arkiv frå Vestland fylkeskommune og kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane. Dei kommunale arkiva er lokalisert på Leikanger som del av ei teneste i Kommunearkivordninga i Vestland KO. Samla arkivbestand i dag er omlag 15.000 hyllemeter.

Arkivbygga som Vestland har i dag er ikkje dekkande for behovet og det er derfor inngått ein leigeavtale med Byarkivet i Bergen for oppbevaring av 2.000 hyllemeter arkivmateriale. Denne avtalen går ut 31.12.2022 og det vil vera avgrensa moglegheit for forlenging.

Det blei i 2018 gjennomført ei undersøking hos medlemmene i Kommunearkivordninga i Vestland KO og samla innmeldt behov var 12.592 hyllemeter. Stipulert behov for kulturhistorisk arkiv er 7.000 hyllemeter. For fylkeskommunalt arkiv er stipulert behov 8.300 hyllemeter. Samla er dette omlag 28.000 hyllemeter og av dette er 13.000 nye hyllemeter. Kapasiteten i Fylkeshuset på Leikanger er 11.500 hyllemeter og eit mindre arkiv på 1.000 hyllemeter er planlagt i det nye fylkeshuset i Bergen. Det er derfor naudsynt å skaffa arkivkapasitet til omlag 15.500 hyllemeter og deler av kapasiteten er naudsynt å skaffa relativt raskt som erstatning for leigekapasiteten i Byarkivet i Bergen

Fylkeshuset i Leikanger

På fylkeshuset i Leikanger er det tre arkivmagasin. Fotomagasin og «gamlemagasinet» ligg i kjellaren på fylkeshuset. «Nyemagasinet» ligg under parkeringsplassen nord for fylkeshuset med inngang frå kjellaren på fylkeshuset. Nyarkivet er klart størst. I samband med rehabiliteringa av fylkeshuset, så er det meldt behov for både sykkelgarderobar og garderobar for anleggsklede. Det er også behov for betre reinhaldssentral og noko lagerkapasitet. For å løyse dette, så vil det vera formålstenleg å nytta areala til «gamlearkivet». Dette vil eventuelt auka behovet for ny arkivkapasitet med ytterlegare 800 hyllemeter.

Interkommunal arkiv


Vestland har i dag ei ordning der medlemmene/kommunane i Kommunearkivordninga i Vestland KO leiger arkivmagasin hjå fylkeskommunen. Det har også vore kontakt med Interkommunalt arkiv Hordaland for å avklara om dei eventuelt ynskjer å leiga arkivmagasin hjå Vestland fylkeskommune. Meldingane så langt er at dette er ynskjeleg, men at ein må sjå vilkåra før ein kan forplikta seg til ei eventuell leige.

Dei innmeldte behova frå medlemmene/kommunane i Kommunearkivordninga Vestland KO er samla på 12.592 hyllemeter. Innmeldinga har ikkje så langt vore bindande då det ikkje har vore klart om fylkeskommunen kunne tilby tenesta. Det vil vera naudsynt å etablera skriftlege avtalar med kommunane innan ein kan starte bygging av nytt arkivbygg for å sikra finansieringa av bygget.

Lokalisering og løysing

Det har vore vurdert fleire moglege løysingar for eit nytt arkivbygg, og ein er kommen fram til at det er rimelegast og mest effektivt og fleksibelt å etablera eit nytt frittstående arkivbygg i nærleik til fylkeshuset i Leikanger. Bygningskostnadane vil vera lågast med eit frittstående nytt arkivbygg og driftskostnadane med betjening av arkivet vil vera ganske optimale med ein kort avstand mellom dei eksisterande magasinane i fylkeshuset og det nye arkivbygget.

Eigedomsavdelinga har framforhandla ein intensjonsavtale på ei tomt i Leikanger. På tomta ligg det eit utrangert bygg, Bama bygget. Intensjonsavtalen gjev fylkeskommunen rett til å kjøpe tomta for 4 millionar kr fram til 30.06.2022.



Bilde: Lokalisering av aktuell tomt for nytt arkivbygg

Rom- og funksjonsprogram

Det er som ledd i utgreiingane etablert eit rom- og funksjonsprogram. Dette fylgjer vedlagt saka. Samla areal for å etablere eit separat arkivbygg på 15.500 hyllemeter inkludert med naudsynte tilleggfunksjonar og rom er 1.800 m².

Investering og leigeinntekt

Arkivbygget på 1.800 m² er kalkulert til å kosta 59 millionar kr inkl. mva. Dette inkluderer ein tomtkostnad på 4 millionar kr.

Leigeinntekta er stipulert til å vera 400 kr pr hyllemeter (eks mva). Deler av arkivbygget skal nyttast av fylkeskommunen sjølv, men dersom det ikkje blir nytt arkivbygg, så må også fylkeskommunen leiga arkivareal. I dag leiger Vestland fylkeskommune 2.000 hyllemeter hjå Bergen byarkiv. Leiga pr hyllemeter er der 428 kr. Denne kostnaden inkluderer berre avkastningskrav og bygningsdrift. Kostnader til drift av arkivet, med mottak, utlevering og anna kjem i tillegg til denne leigekostnaden. Den samla årlege inntekta blir $400 \text{ kr/m}^2 \times 15.500 \text{ m}^2 = 6,2 \text{ millionar kr}$ (inntekt eller redusert utgift til leige av eksternt arkiv). Driftskostnaden er stipulert til $350 \text{ kr/m}^2 \times 1.800 = 0,63 \text{ millionar kr}$.

Sjølv med ei renteauking på 2 %, så vil investeringa vera nedbetalt på 10 år med eit fullt utleigd arkiv. Med 80 % utleige og 2 % auka i renta, så vil investeringa vera nedbetalt på 13-14 år.

Alle kostnader i 2021 kr.

Fylkestinget har vedtakskompetanse for investeringsprosjektet, jf. pkt. 1 i Reglement for økonomiforvaltning.

Økonomi:

Etablering av nytt arkivbygg har ei kostnadsramme på 59 millionar kr inkl. mva. Arkivbygget har eit potensiale for ei årleg leigeinntekt på 6,2 millionar kr. Med frådrag for driftskostnader, ei renteauke på 2 % og 80 % utleige av arkivet så vil investeringa vera nedbetalt på under 13-14 år.

Klima:

Eit nytt og moderne arkivbygg vil ha eit vesentleg lågare energibruk/klimaavtrykk i driftsfasen enn alternative leigde arkiv. I byggefasen vil klimaavtrykket vera høgare enn alternative arkiv dersom dei allereie er etablert. Det vil bli nytta klimavennleg materialar og oppvarming av bygget og det vil bli stilt krav til fossilfri og delvis utsleppsfri byggeplass. Kort avstand mellom gamle arkiv og nytt arkiv legg til rette for utsleppsfri reise mellom arkiva.

Folkehelse:

Eit nytt arkiv vil sikra eit godt inneklima og godt tilrettelagde arbeidsforhold for dei som skal drifta arkivet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Eit nytt arkiv vil i nokon grad bygge opp under mål 1: *Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg* og mål 2: *Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling* i Utviklingsplanen. Arkivet vil bidra til desentraliserte arbeidsplassar og bidra til å nå klima- og miljømål gjennom offentleg innkjøp.

Konklusjon

For å sikra naudsynt arkivkapasitet for Vestland fylkeskommune og kommunar i fylket er det trong for eit nytt arkivbygg. Det er også avgjerande at ein sikrar utleige av det nye arkivet innan ein startar bygginga. Fylkesdirektøren rår til at ein vedtar å byggja nytt arkiv, men at minst 80 % av tidlegare innmeldt behov i Kommunearkivordninga i Vestland KO eller tilsvarande volum frå andre eksterne leigetakarar må vera sikra gjennom leigeavtale før bygging kan starta. Andre leigetakarar kan mellom anna vera kommunearkivordninga i Hordaland, IKA Hordaland.